

# **OMMON-LYKKJA**



*Av John Amundgaard, april 1984, «Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend Sel grense – Rinda»*

*Det var Ommon Svarvarhaugen som, truleg ein gong i 1850-60 årom, rydda ein plass i søre Kleivmorken i Ottadal, langt uppimot Hovdaspiggen og bygde hus her. Han var skomaker og for rundt i gardom på sko- og salmakerarbeid, men etter ei tid kjøpte han Lauvrusten og flytta dit med familien. Dei har sidan brukt Løvrusten som slektsnamn.*

*Amund Løvrusten g.m. Rønnaug f. Rotheim hadde desse borna: Knut, Jo Paal, Iver og Barbro. Knut, Jo og Paal reiste til Amerika.*

*Iver Løvrusten (1868) var gift med Kari Hjellum (1866). Borna deira: Rønnaug (1889), Anton (1892), Inga (1895), Sigurd (1902) og Marit (1906).*